



Teknisk forvaltning

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2113 - 18/14481

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
04.10.2018

Arealoverføring av ca 100 m2 frå gbnr 100/6 til gbnr 100/18 Gjerde - handsaming etter jordlova

Delegasjonssak nr.: 259/2018

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke frå Teknisk forvaltning

Mynde:

Saka vert handsama av Landbrukssjefen etter delegert mynde frå Rådmannen.

Saka gjeld :

Eigarane av bustadeigedomen gbnr 100/18 Gjerde i Radøy kommune ynskjer arealoverføring av 100 m2 frå gbnr 100/6 til gbnr 100/18. Dette fordi tidlegare eigar av gbnr 100/18, etter avtale, har bygd sin terrasse og utvida sin hage inn på gbnr 100/6. Det har vore nært slektskap mellom eigarane av gbnr 100/6 og gbnr 100/18. Det vert vidare søkt om arealoverføring frå gbnr 100/14 til gbnr 100/18., men gbnr 100/14 er uingen landbrukseigedom og den arealoverføringa treng såleis ingen handsaming etter jordlova.

Lowverk : Saka skal handsamat etter §§ 9 og 12 i jordlova.

Landbrukseigedomen gbnr 100/6 Gjerde :

Ifølgje Nibio sitt gardskart er eigedomen totalt 80,8 dekar. Av dette er det 7,7 dekar full- og overflatedyrka jord og 9 dekar innmarksbeite. Vidare er det 29,1 dekar produktiv skog, 32,7 dekar anna utmark og 2,3 dekar tun/bygg/veg.

Vurdering :

Dette er ei kurrant saka. Av det totale arealet på 100 m² er det knappe 30 m² som kan reknast som dyrka. Ser av flyfoto at det aktuelle arealet vert nytta til hage og at tilgrensande areal på gbnr 100/6 har gått ut av drift. Landbrukseigedomen er særst liten og manglar bygningsmasse for dagens landbruksdrift.

På bakgrunn av dette finn ein det ikkje naudsynt med nærare vurdering av saka

Vedtak:

Radøy kommune gjev løyve til omdisponering og deling av omlag 100 m² frå gbnr 100/6. Vilkår er at arealet vert samanføyd med gbnr 100/18 Gjerde. Vedtaket har heimel i §§ 9 og 12 i jordlova.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Teknisk forvaltning

